


# Mattegrublerier

FRA KENGURUKONKURRANSEN



1. Sofus kasta fire terningar og fekk til saman 23 prikkar.




Kor mange seksarar fekk han?

- a) 1 b) 2 c) 3 d) 4 e) Umogleg å vite

2. Kva for eit reknestykke gir det minste svaret?

- a)  $2 + 0 + 0 + 8$    b)  $200 : 8$    c)  $2 \cdot 0 \cdot 0 \cdot 8$    d)  $200 - 8$    e)  $8 + 0 + 0 - 2$

3. Brett eit kvadratisk papir dobbelt to gonger slik at det til slutt blir eit nytt kvadrat. Klipp av eitt av hjørna, og brett så papiret ut igjen. Det kan for eksempel klippast slik:




Kva for ein av papirfigurane under kan du ikkje lage på denne måten?



- a)   b)   c)   d)   e) Du kan lage alle figurane på denne måten

4. På ein sjørøvarskule måtte kvar elev sy eit flagg i svart og kvitt. Nøyaktig  $\frac{3}{5}$  av flagget skulle vere svart.

Kor mange av flagga under er då riktige?



- a) Eitt   b) To   c) Tre   d) Fire   e) Ingen

5. Sju kort ligg i ei eske. På kvart av korta er det skrivne eitt av tala 1, 2, 3, 4, 5, 6 eller 7.


Eva trekkjer 3 kort frå eska, og Lars trekkjer 2 kort. Då er det 2 kort igjen i eska. Eva ser på korta sine og seier til Lars: «Eg veit at summen av korta dine er eit partal.»



Kva er summen av Eva sine kort?

- a) 6   b) 9   c) 10   d) 12   e) 15

6. Anna har kjøpt billett til stol nr. 100. Beate vil gjerne sitje så nær henne som mogleg. Berre fem stolar er ledige: 76, 99, 104, 114 og 118.



Kva for eit stolnummer er då det nærmaste?

- a) 76   b) 99   c) 104   d) 114   e) 118